

Resultatrekneskap

Alle tall i 1000 NOK

Sjukehusapoteka Vest HF

	Note	2019	2018
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Basisramme	2,3	2 400	0
Anna driftsinntekt	2,3	1 186 802	1 225 036
Sum driftsinntekter		1 189 202	1 225 036
Kjøp av helsetenester	4	192	598
Varekostnad	5	955 989	996 516
Lønn og andre personalkostnader	6,16	157 145	148 254
Ordinære avskrivinger	10	5 452	5 424
Andre driftskostnader	7,10	59 411	58 190
Sum driftskostnader	2	1 178 188	1 208 983
Resultat frå drifta		11 014	16 053
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter	8	1 363	1 241
Andre finanskostnader	8	94	35
Netto finansresultat	8	1 268	1 206
Resultat før skattekostnad		12 282	17 259
Skattekostnad på ordinært resultat	9	-453	124
RESULTAT FOR ÅRET		12 736	17 135
OVERFØRINGAR:			
Overført annan egenkapital	15	12 736	17 135
Sum overføringer		12 736	17 135

Balanse

Alle tall i 1000 NOK

Sjukehusapoteka Vest HF

	Note	2019	2018
EIGEDLAR			
Anleggsmidler			
Immaterielle driftsmiddel			
Lisensar, programvare og goodwill	10	10 914	0
Utsett skattefordel	9	892	439
Sum immaterielle egedelar		11 806	439
Varige driftsmidler			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	10	1 431	1 808
Medisinskteknisk utstyr, inventar, transportmiddel o.l	10	23 013	25 215
Anlegg under utføring	10	1 857	5 679
Sum varige driftsmidler		26 301	32 703
Finansielle anleggsmidler			
Investering i andre aksjar og partar	11	479	415
Andre finansielle anleggsmidler		7	7
Pensjonsmidlar	16	48 815	38 514
Sum finansielle anleggsmidler		49 302	38 936
Sum anleggsmidler		87 408	72 078
Omløpsmidlar			
Varer	12	54 872	58 168
Krav	13,21	204 635	199 881
Bankinnskot, kontantar og liknande	14	5 794	5 264
Sum omløpsmidlar		265 301	263 313
SUM EIGEDLAR		352 710	335 391

Balanse

Alle tall i 1000 NOK

Sjukehusapoteka Vest HF

	Note	2019	2018
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Føretakskapital	15	100	100
Annan innskoten eigenkapital	15	10 943	10 943
Sum innskoten eigenkapital		11 043	11 043
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	15	196 919	184 184
Sum opptent eigenkapital		196 919	184 184
Sum eigenkapital		207 962	195 227
Gjeld			
Avsettingar for forpliktingar			
Pensjonsforpliktingar	16	1 571	1 807
Sum avsettingar for forpliktingar		1 571	1 807
Anna langsiktig gjeld			
Langsiktig gjeld til føretak i samme konsern	17	0	2 811
Sum anna langsiktig gjeld		0	2 811
Sum langsiktige forpliktingar og anna langsiktig gjeld		1 571	4 618
Kortsiktig gjeld			
Skuldige offentlege avgifter		15 318	9 897
Anna kortsiktig gjeld	18,21	127 859	125 649
Sum kortsiktig gjeld		143 176	135 546
Sum gjeld		144 747	140 164
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		352 710	335 391

Bergen, 31.12.2019 / 12.03.2020
Styret for Sjukehusapoteka Vest HF

Trude Marit Risnes
Styreleiar

Jon Bolstad
Administrerande direktør

Olav Klausen
Nestleiar

Arve Varden
Styremedlem

Inger Cathrine Bryne
Styremedlem

Eivind Hansen
Styremedlem

Bente Aae
Styremedlem

Marianne Saugestad
Styremedlem

Gunvald Andreas Iversen
Styremedlem

Ragnhild Winum
Styremedlem

Kontantstraumoppstilling

Sjukehusapoteka Vest HF

Alle tall i 1000 NOK

	2019	2018
Kontantstraumer frå operasjonelle aktivitetar:		
Årsresultat	12 736	17 135
Ordinære avskrivningar	5 452	5 424
Andre resultatpostar utan kontanteffekt	-453	124
Endring i omløpsmidlar	-1 458	99 626
Endring i kortsiktig gjeld	7 631	-101 721
Forskjell kostnadsført pensjon og inn-/utbetalningar i pensjonsordninger	-10 537	-12 183
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	13 369	8 405
Kontantstraum frå investeringsaktiviteter:		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar	-9 964	-7 618
Utbetalinger ved kjøp av andre finansielle eiendeler	-64	-67
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-10 028	-7 685
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar:		
Innbetaling ved opptak av ny langs. gjeld	0	0
Utbetaling ved nedbetaling av langs.gjeld	-2 811	-351
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	-2 811	-351
Netto endring i likviditet	530	369
Likvide midlar 01.01	5 264	4 896
Likvide midlar 31.12	5 794	5 264
Unytta trekkramme per 31.12	0	0
Likviditetsreserve 31.12	5 794	5 264
Innvilga kredittramme 31.12	0	0

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Generelt om rekneskapen

Rekneskapen for 2019 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998, jf. Lov om helseforetak. Den er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar og retningslinjer gjevne av eigar.

Sjukehusapoteka Vest HF blei stifta 01.01.02 etter lov om helseforetak. På same tida blei anleggsmiddel og forpliktingar netto kr 10 943 027 overført til Sjukehusapoteka Vest HF som eit tingsinnskot.

Som følge av at helseforetak er non-profit-verksemdar der eigar har stilt krav om resultatmessig balanse i drifta, men ikkje krav til avkastning på innskoten kapital, representerer bruksverdi verkeleg verdi for anleggsmidlane. For publikumsekspedisjon er det krav om avkasting på linje med alternativ bruk av kapital og avkasting elles i apotekbransjen.

I opningsbalansen er bruksverdi sett til attkjøpsverdi redusert for slit og elde og justert for teknisk standard. Der det på overtakingstidspunktet var kjent at bygga ikkje ville bli tatt i bruk eller berre tatt i bruk for ein kortare periode, er verdien på opningsbalansen redusert. For bygg og tomter er denne verdien basert på takstar utarbeidd av uavhengige miljø hausten 2001.

Konsolidering

Sjukehusapoteka Vest HF går inn i konsernrekneskapen til Helse Vest og utarbeider ikkje eige konsernrekneskap.

Konsernspissen Helse Vest RHF utarbeider den konsoliderte rekneskapen. Konsernrekneskapen utleverast på forespørsel ved å henvende seg til Helse Vest RHF, Nådlandskroken 11, 4034 Stavanger.

Grunnleggjande prinsipp - vurdering og klassifisering

Årsrekneskapen er bygd på dei grunnleggjande prinsippa om historisk kost, samanstilling, vidare drift, kongruens og varsemd. Transaksjonar regnskapsførast til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter resultatførast når dei er opptente og kostnader samanstillast med opptente inntekter.

Prinsipp for inntektsføring

Sal av varer blir inntektsført ved levering. Tenester blir inntektsførte i den perioden dei blir utførte.

Øymerka tilskot blir inntektsførte i takt med bruk av midlane. Tilskot til investeringar blir inntektsførte i same periode som avskrivningane på dei aktuelle investeringane.

Gåver vert brukt i samsvar med dei vilkåra eller ynskje givar har for bruk av midlane. Dersom givar har vilkår eller ynskje om at gåva skal brukast til konkrete aktivitetar, prosjekt eller investeringar, klassifiserast ho som tilskot og regnskapsførast etter reglane for øymerka tilskot.

Kostnadsføringstidspunkt samanstilling

Utgifter blir samanstillt med og kostnadsførast samtidig med inntektsføring av dei inntekter utgiftene kan knytast til. Utgifter som ikkje kan knytast direkte til inntekter, kostnadsførast når dei vert pådregne.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar poster som forfell til betaling innan eit år etter anskaffingstidspunktet, og dessutan poster som knytter seg til varekrinsløpet. Andre poster er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar er vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Vurdering av anleggsmidlar skjer til kostpris. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid skal avskrivas etter ein plan. Anleggsmidlar vert nedskrivne til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigåande. Nedskrivinga blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Første års avdrag på langsiktig gjeld visast som langsiktig gjeld.

Immaterielle eigedelar

Utgifter til forskning og utvikling er kostnadsførte, då samanhangen mellom utgifter til forskning og utvikling og tilhøyrande framtidige inntekter er uklar. I særskilde høve vil eiga forskning og utvikling kunne medføre at det blir framkalla ein eigen godtgjort og vesentleg kontantstraum. Om slike kontantstraumar kan forventast, blir slik forskning og utvikling aktivert.

Utgifter til andre immaterielle eigedelar er balanseførte i den utstrekning kriteria for balanseføring er oppfylt, det vil seie at det forventast at dei vil gje framtidige inntekter eller vesentlege reduksjonar i framtidige kostnader. Dette gjeld i hovudsak utgifter til lisensar og programvare. Immaterielle eigedelar som er balanseførte avskrivas lineært over forventa økonomisk levetid frå det tidspunktet eigedelen blir teken i bruk.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar omfattar eigedom, anlegg og utstyr som er rekna for bruk i produksjon, levering av varer eller administrative føremål og som har varig levetid. Desse balanseførast til kost fråtrekt eventuelle akkumulerte av- og nedskrivingar.

Driftsmidlar reknast som varige dersom dei har ei økonomisk levetid på over 3 år, samt ein kostpris på over kr 100 000.

Varige driftsmidlar avskrивast hovudsakleg lineært over økonomisk levetid frå det tidspunktet driftsmidlane blir teke i bruk. Det vert teke omsyn til utrangeringsverdi når avskrivingsplanane vert fastsette. Dersom det finnest indikasjonar på at driftsmidlar har falle i verdi, blir driftsmidlane nedskrivne til den verdien som kan attvinnast dersom denne er lågare enn regnskapsført verdi.

Tomter avskrивast ikkje då ein antar at dei ikkje har ei avgrensa levetid.

Investeringar i nybygg vert balanseførte etter kvart som kostnadene vert pådregne. Ved dekomponering av balanseførte kostnader til nybygg vert reelle kostnader for dei ulike bygningsdelane lagt til grunn. Finansieringsutgifter ved tilverking av eigne driftsmidlar balanseføres.

Påkostnader eller betringar blir lagde til driftsmidlets kostpris og avskrивne i takt med driftsmidlet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar blir kostnadsførte etter kvart som dei kjem på.

Ved sal og utrangering av anleggsmidlar blir vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader.

Eigenkapitalinnskott i KLP

Eigenkapitalinnskott i KLP er separate finansielle egedelar og blir vurderte til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje må ventast å vera forbigåande.

Pensjonar

Pensjonsordninga er behandla i rekneskapen etter Norsk Rekneskapsstandard, NRS 6 Pensjonskostnader. Føretaksgruppa følgjer oppdatert rettleiing om pensjonsføresetnader frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for føretaksspesifikke forhold. Parameter som er nytta går fram av note om pensjonar. Helseregionenes pensjonsordningar, medrekna AFP, er å rekne som ytingsbaserte planar.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir utrekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av lønn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlane og føresetnader frå aktuaren om dødelegheit, frivillig avgang osv.

Pensjonsmidlane er vurderte til verkeleg verdi. Netto pensjonsforplikting består av brutto pensjonsforplikting fråtrekt verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Netto pensjonsforplikting balanseførast som avsetning for forpliktingar, mens overfinansiert pensjonsordning er klassifisert som langsiktig fordringar i balansen. Arbeidsgivaravgift er lagt til for begge ordningane.

Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanar bli fordelte over antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som kjem av endringar i og avvik mot føresetnadene i utrekningane (estimatendringar) er fordelte over antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid for den del av avvika som overstig 10 prosent av det høgaste av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar (korridor). Antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid er sett til 12 år.

Periodens netto pensjonskostnad er inkludert i lønn og sosiale kostnader, og utgjør summen av periodens pensjonsopptening, rentekostnad på berekna pensjonsforplikting, forventta avkastning av pensjonsmidlane, resultatført verknad av endringar i estimat og pensjonsplanar, resultatført verknad av avvik mellom faktisk og forventta avkastning, samt periodisert arbeidsgivaravgift.

Usikkerheita er i stor grad knytt til bruttoforplikting og ikkje til den nettoforplikting som framkjem i balansen. Estimattendringar som fylgje av endring i nemnte parameter vil i stor utstrekking periodiserast over gjennomsnittleg attverande oppteningstid og ikkje straks belaste resultatregnskapet slik som andre estimattendringar.

Arbeidstakars del av pensjonspremien er kome til frådrag i lønnskostnaden.

Varelager

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av innkjøpskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Om det av systemårsaker har vore umogeleg å nytte FIFO-prinsippet, er gjennomsnittsprisen lagd til grunn. Nedskriving for pårekleleg ukurans er gjort i samsvar med god rekneskapskikk.

Krav

Kundekrav og andre krav er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap kjem fram etter ei konkret vurdering av enkeltkrav og av dei samla krava. Det er i tillegg gjort sjablongmessig avsetning for dei krava det ikkje er gjort konkret avsetning for. Den sjablongmessige avsettinga er gjort på grunnlag av aldersfordeling av fordringsmassen.

Uvisse forpliktingar

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjør, og verdien kan bereknast påliteleg, blir det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

Segment

Inndelinga i segment bygger på interne styrings- og rapporteringsføremål i føretaket. Det blir presentert tal for verksamdsområda. Tala er avstemt mot årsresultat- og balanse i føretaket. Ein har i tillegg klassifisert inntektene etter geografi med utgangspunkt i bustaden til pasientane.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for føretaket for å kunne presentere kontantstraumar tilførte frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksmd og finansieringsverksmd.

Konsernkontoordning

Det er etablert konsernkontoordning i SR-bank. Innskot og gjeld innanfor denne ordninga er i rekneskapen for føretaket klassifisert som kortsiktig krav/gjeld til Helse Vest RHF.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte etter kursen ved utgangen av rekneskapsperioden.

Endringar i rekneskapsprinsipp og feil

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidlegare års rekneskap blir førte direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

Samanlikningstal for førre året

Der ny klassifisering er meir korrekt, er samanlikningstal endra tilsvarende.

Skatt

Sjukehusapoteka Vest HF er skattepliktige for overskot vedkommande publikumsekspedisjonen frå og med 2015.

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både skatt som skal betalast og utsett skatt i perioden. Utsett skatt er rekna ut på grunnlag av dei mellombelse forskjellane som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt eventuelt likningsmessig underskot til framføring ved utgongen av rekneskapsåret. Midlertidige forskjellar som aukar eller reduserer skatt i same periode, er utlikna. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande forskjellar som ikkje er utlikna og underskot til framføring er grunna i forventa inntening i framtida.

Utsett skatt i både føretaket sin rekneskap og føretaksgruppa sin rekneskap er i rekneskapen ført med nominelt beløp.

Note 2 Rapportering frå verksemda*Heile 1000 kroner***Inntekt for kvart verksemdsområde***Heile 1000 kroner*

	2019	2018
Somatikk	0	0
Psykisk helsevern VOP	0	0
Psykisk helsevern BUP	0	0
Tverrfagleg spesialisert behandling for rusmisbruk	0	0
Anna	1 189 202	1 225 036
Overføringer til dotterforetak	0	0
Sum	1 189 202	1 225 036

Verksemdsområde kalla «Anna» omfattar i hovudsak kostnader og inntekter knytt til kostnader og inntekter som ikkje er del av spesialisthelsetenesta.

Kostnad for kvart verksemdsområde*Heile 1000 kroner*

	2019	2018
Somatikk	0	0
Psykisk helsevern VOP	0	0
Psykisk helsevern BUP	0	0
Tverrfagleg spesialisert behandling for rusmisbruk	0	0
Anna	1 178 188	1 208 983
Kjøp av helsetenester frå dotterforetak	0	0
	1 178 188	1 208 983

Driftsinntekt fordelt på geografi*Heile 1000 kroner*

	2019	2018
Helse Vest sitt opptaksområde	1 189 202	1 225 036
Resten av landet	0	0
Utlandet	0	0
	1 189 202	1 225 036

Note 3 Driftsinntekter*Heile 1000 kroner*

	2019	2018
Basisramme		
Basisramme	2400	0
Aktivitetsbasert inntekt		
Anna driftsinntekt		
Øyremerka tilskot til andre føremål	2 131	1 924
Driftsinntekter apoteka	1 184 671	1 223 112
Sum	1 189 202	1 225 036

Note 4 Kjøp av helsetenester*Heile 1000 kroner*

	2019	2018
Andre kjøp av helsetenester (inkl. avtalespesialistar)	192	598
Sum kjøp av andre helsetenester	192	598
Sum kjøp av helsetenester	192	598

Note 5 Varekostnader*Heile 1000 kroner*

	2019	2018
Medisinske forbruksvarer	7 749	4 055
Andre varekostnader til eige bruk	85	1 028
Innkjøpte varer for videresal	948 094	991 411
Endring varer i arbeid og ferdigtilverka varer	59	22
Sum varekostnader	955 989	996 516

Note 6 Lønn og andre godtgjersler*Heile 1000 kroner*

	2019	2018
Lønnskostnader	117 567	111 113
Arbeidsgivaravgift	16 819	15 955
Pensjonskostnader inkl. arbeidsgivaravgift	19 582	17 985
Andre ytingar	3 177	3 202
Sum lønn og personalkostnader	157 145	148 254
Gjennomsnittleg tal på tilsette	271	259
Gjennomsnittleg tal på årsverk	236	226

Heile 1000 kroner

Godtgjersle til medlem av styret							Ytingar frå andre føretak i Helse Vest	
Namn	Tittel	Styre-honorar	Lønn	Anna godt-gjersle	Sum	Teneste-periode	Honorar/lønn	Anna godt-gjersle
Trude Marit Risnes	Leiar	165	0	0	165	1.1-31.12.	0	0
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar	0	0	0	0	1.1-31.12	1 788	5
Gunvald Andreas Iversen	Styremedlem	95	528	0	623	1.1-31.12	0	0
Marianne Saugestad	Styremedlem	95	811	16	921	1.1-31.12	0	0
Marit Jacobsen	Styremedlem	79	532	3	614	1.1-31.10	0	0
Inger Cathrine Bryne	Styremedlem	0	0	0	0	1.1-31.12	1 879	6
Arve Varden	Styremedlem	0	0	0	0	1.3-31.12	1 701	11
Eivind Hansen	Styremedlem	0	0	0	0	1.3-31.12	1 913	6
Bente Aae	Styremedlem	0	0	0	0	1.3-31.12	1 333	17
Ragnhild Elise Winum	Styremedlem	16	494	0	510	1.11-31.12	0	0
Sum		434	1 871	19	2 324		8 614	45

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar til styreleiar eller andre medlemmer av styret i Sjukehusapoteka Vest HF.

Heile 1000 kroner

Lønn og anna godtgjersle til leiande personell							Lønn frå andre føretak i Helse Vest jf lønns- og trekkoppgåve for 2019	
Namn	Tittel	Lønn	Pensjon	Anna godtgjersle	Sum	Teneste-periode 1)	Lønn	Pensjon og anna godtgjersle
Jon Bolstad	Adm. direktør	1 721	393	52	2 165	1.1-31.12	0	0
Ola Rye	Økonomidirektør	1 161	300	13	1 474	1.1-31.12	0	0
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør	1 029	143	6	1 179	1.1-31.12	0	0
		0	0	0				
Berit Beate Berntsen	Pers. og org. direktør	1 090	303	5	1 399	1.1-31.12	0	0
Tonje Folkvang	Apotekar Stavanger	1 024	148	6	1 178	1.1-31.12	0	0
Lene Svanberg Jakobsen	Apotekar Haugesund	969	138	7	1 114	1.1-31.12.	0	0
Roy Vermund Rangjord	Apotekar Bergen	990	156	7	1 153	1.1.-31.12	0	0
Gunvor Steine Tufte	Apotekar Førde - 1)	532	108	6	646	01.01-17.02 19.8-31.12	0	0
Marianne Saugestad	Konst. Apotekar Førde - 2)	811	90	16	826	18.2-18.8	0	0
Sum		8 516	1 690	103	10 308		0	0

1) I perioden 18.2.-18.8.19 har Gunvor Steine Tufte vore i permisjon utan lønn.

2) I perioden 18.2.-18.8.19 har Marianne Saugestad vore konstituert apotekar ved Sjukehusapoteket i Førde. Lønna som er oppgitt gjeld for heile året.

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar til administrerande direktør eller nok andre i leiargruppa i Sjukehusapoteka Vest HF

Erklæring om fastsetjing av lønn og godtgjersle

Sjukehusapoteka Vest HF definerer personer i stillingane administrerande direktør, fagdirektør, økonomidirektør, HR og organisasjonsdirektør og apotekar som leiande personell.

Sjukehusapoteka Vest HF følgjer retningslinjer for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap (fastsett av Regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011) kor hovudprinsippet er at

- Leiarlønn i føretaka skal være konkurransedyktig, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarende selskap/føretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønningane.

Utgreining leiarlønnspolitikken i 2019

Lønn og godtgjersle til administrerende direktør er behandla og fastsett av styret i styresak 12. desember 2019. Lønn og godtgjersle for anna leiande tilsette er fastsett administrativt. Sjukehusapoteka Vest HF har lagt til grunn retningslinjer fastsett i føretaksmøte.

Lønn til medlem i leiargruppa blei i 2019 justert slik:

Heile 1000 kroner

Namn	Tittel	Gammal lønn	Ny lønn	Auke i prosent
Bolstad, Jon	Adm.Dir	1 585	1 636	3,2 %
Rye, Ola	Økonomidirektør	1 120	1 150	2,7 %
Berntsen, Berit	HR og org. direktør	1 051	1 080	2,8 %
Frantzen, Christer Bakke	Fagdirektør	990	1 020	3,0 %
Folkvang, Tonje	Sykehusapoteker Stavanger	985	1 015	3,0 %
Jakobsen , Lene S	Sykehusapoteker Haugesund	932	960	3,0 %
Rangjord, Roy	Sykehusapoteker Bergen	960	980	2,1 %
Tufte, Gunvor Steine	Sykehusapoteker Førde	820	850	3,7 %

I tillegg til lønn har medlemmane i leiargruppa fri bruk av mobiltelefon og mogeligheit for dekning av internett. AD har og fri avis. Lønnsreguleringa er gjort gjeldande for heile 2019.

Retningslinjer for 2020

Til grunn for Sjukehusapoteka Vest HF sine retningslinjer, ligg mellom anna generelle retningslinjer for leiarar i statlege føretak (fastsett av regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011) kor hovudprinsippet er at leiarlønningane i føretaket skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarende selskap/føretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønningane.

Fastsetting av basislønn

Ved fastsetting av basislønn skal følgjande kriterier leggjast til grunn:

- Lønnsutviklinga i føretaksgruppa Helse Vest generelt
- Lønnsutviklinga i samanliknande stillingar
- Resultatvurderingar i høve til dei mål og krav styret har sett.

Dette inneber at årlege justeringar av leiarlønningane ikkje skal skje før dei årlege tariffoppgjera i spesialisthelsetenesta er avslutta.

Naturalytingar

Ytingane blir vurdert i høve til kva trong leiar har for å fungera i stillinga, likevel avgrensa til:

- Mobiltelefonordning i tråd med kva som er fastsett i føretaket
- Alminnelege forsikringsordningar i høve til lov og avtalar
- Eventuelt avisabonnement

Pensjonsordning

Leiande tilsette skal vere omfatta av offentleg tenestepensjon på lik linje med andre tilsette sine vilkår. Det vil seie gjennom ordinær ordning i KLP eller i pensjonsordningen for apotek (POA). Det er ikkje høve til å inngå avtale om pensjon utover ordinære vilkår gjennom KLP eller i pensjonsordningen for apotek (POA).

Sluttvederlag

Det er inngått avtale med administrerende direktør om inntil 12 månaders etterlønn dersom han/ho blir sagt opp eller sjølv seier opp etter oppmoding frå styret eller leiar for styret.

Avtala gjeld ikkje om det ligg føre grovt pliktbrott eller vesentleg mislighald av arbeidsavtala.

Rett til etterlønn fell bort om han/ho tiltrer anna stilling i eller utanføre helseføretaket eller mottar inntekt frå eigen næringsverksemd.

Variable godtgjeringar eller særskilte ytingar som kjem i tillegg til basislønn

Det blir ikkje gjeve variable tillegg til leiande tilsette i Sjukehusapoteka Vest HF.

Andre høve

Personar i leinga skal ikkje ha særskilt godtgjersle for styreverv i andre føretak i same føretaksgruppe.

Godtgjersle til revisor

Heile 1000 kroner

	2019	2018
Revisjon etter lova	80	85
Utvida revisjon	2	0
Andre oppgåver som vedkjem attestasjonar	20	8
Andre tenester utanfor revisjon	3	0
Sum honorar til revisor	105	93

Honorar til revisor i høve til inngått avtale:	80	80
---	-----------	-----------

Honorar i 2019 er oppgitt eksklusiv meirverdiavgift..

Note 7 Andre driftskostnader

Heile 1000 kroner

	2019	2018
Kostnader lokale inkl. energi og brensel	18 172	17 539
Kjøp og leige av medisinskteknisk utstyr, mv	2 963	2 714
Reparasjon, vedlikehald og service	1 807	1 694
Konsulenttenester	820	1 861
Anna ekstern teneste	28 175	26 216
Kontor- og kommunikasjonskostnader	1 297	1 514
Reisekostnader	2 994	3 307
Andre driftskostnader	3 182	3 344
Sum andre driftskostnader	59 411	58 190

Note 8 Finansposter*Heile 1000 kroner*

	2019	2018
Interne renteinntekter i foretaksgruppa	1 264	0
Andre renteinntekter	98	1 223
Andre finansinntekter	1	18
Sum finansinntekter	1 363	1 241
Interne rentekostnader i foretaksgruppa	16	29
Andre rentekostnader	1	2
Andre finanskostnader	78	4
Sum finanskostnader	94	35

Note 9 Skatt*Heile 1000 kroner*

Publikumsekspedisjonen er skattepliktig. Endring i midlertidige forskjellar er endring gjennom året. Skatteutrekninga tar utgangspunkt i resultat for publikumsekspedisjonen.

	31.12.2019	31.12.2018
Mellombelse forskjellar		
Anleggsmidler	3 024	3 611
Omløpsmidlar	-160	-60
Netto pensjonsmidlar	8 080	6 174
Netto mellombelse forskjellar	10 943	9 725
Underskot til framføring	-14 997	-11 719
Grunnlag for utsatt skatt/skattefordel i balansen	-4 055	-1 995
22% utsett skatt (utsett skattefordel)	-892	-439
Utsett skatt (utsett skattefordel)	-892	-439

	2019	2018
Grunnlag for betalbar skatt		
Resultat før skattekostnad for publikumsekspedisjonen	-2 060	451
Endring i mellombelse forskjellar	-1 218	-1 651
Grunnlag for betalbar skatt	-3 278	-1 200
Endring i utsett skatt (22%)	453	104
Korrigerering av skattekostnad på grunn av endra skattesats	0	20
Sum skattekostnad på ordniært resultat	453	124

Spesifikasjon av skattekostnad		
22% (23%) skatt av resultat før skatt	453	104
Korrigerering av skattekostnad pga redusert skattesats i framtida	0	20
Utrekna skattekostnad	453	124

Note 10 Immaterielle egedelar og varige driftsmidler

Immaterielle egedelar

Heile 1000 kroner

	Goodwill	Lisensar og programvare	Prosjekt under utvikling	Sum
Kostpris 01.01	0	1 954	0	1 954
Tilgang	0	0	10 914	10 914
Tilgang	0	0	0	0
verksemdsoverdraging				
Avgang	0	0	0	0
Frå prosjekt under utvikling	0	0	0	0
Kostpris 31.12	0	1 954	10 914	12 868
Akkumulerte avskrivningar	0	1 954	0	1 954
Akkumulerte nedskrivningar	0	0	0	0
Balanseført verdi 31.12	0	0	10 914	10 914
Ordinære avskrivningar i året	0	0	0	0
Ordinære nedskrivningar	0	0	0	0
Balanseførte lånekostnader i året	0	0	0	0

Varige driftsmidler:

Heile 1000 kroner

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transport-middel, inv. og utstyr	Sum
Kostpris 01.01	0	8 819	5 679	10 107	58 348	82 953
Tilgang i året 1)	0	0	-950	0	0	-950
Tilgang verksemdsoverføring	0	0	0	0	0	0
Avgang i året	0	0	0	0	0	0
Frå anlegg til utføring	0	0	-2 872	494	2 379	0
Kostpris 31.12	0	8 819	1 857	10 600	60 726	82 003
Akk. avskrivningar 31.12		7 388	0	7 353	40 961	55 702
Akk. nedskrivningar 31.12						
Balanseført verdi 31.12	0	1 431	1 857	3 247	19 765	26 301
Ordinære avskrivningar i året	0	377	0	789	4 286	5 452
Nedskrivningar i året	0	0	0	0	0	0
Balanseførte lånekostnader	0	0	0	0	0	0
Levetider	0	5-10 år 2)	0	7-12 år	3-15 år	0
Avskrivningsplan	0	Lineære	0	Lineære	Lineære	0

1) Negativ tilgang i året skuldast flytting av anlegg under utførelse til immaterielle egedelar.

2) Kostpris utgjør ombygging av leigde lokaler som vert avskrive over leigeperioden

Leigeavtaler:*Heile 1000 kroner*

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transport-middel, inv.og utstyr	Sum
Leigebeløp	0	12 973	0	126	701	13 800
Rest leigetid	0	1-10 år	0	1-3 år	1-3 år	

Note 11 Investeringar i aksjar og parter*Heile 1000 kroner*

	2019	2018
Eigenkapitalinnskot i KLP	479	415
Sum investeringar i andre aksjar og partar	479	415

KLP, som er eit gjensidig selskap, har dekkja behovet for eigenkapital gjennom innskot frå kundane. I tillegg til dette kapitalinnskotet er det bygd opp eit eigenkapitalfond i selskapet for kvar kunde. Dette fondet består av opptent eigenkapital. Det samla eigenkapitalinnskotet i KLP kan endrast noko frå år til anna sjølv om det korkje er tapt eigenkapital eller innbetalt nye innskot. Om ein kunde flyttar pensjonsordninga si frå KLP til ein annan pensjonsinnretning vil kunden sin del av eigenkapitalinnskotet bli betalt attende. Dette er den einaste situasjonen der kunden faktisk kan disponera eigenkapitalinnskotet sitt.

Note 12 Varelager*Heile 1000 kroner*

	2019	2018
Varer for videresal:		
Råvarer	871	1 511
Ferdigvarer	1 438	1 674
Handelsvarer	52 563	54 982
Sum varer for videresal	54 872	58 168
Sum varelager	54 872	58 168
Kostpris lager	54 896	58 212
Av dette nedskrive for verdifall	24	44
Bokført verdi 31.12	54 872	58 168

Note 13 Kundekrav og andre krav*Heile 1000 kroner*

	2019	2018
Kundekrav	20 107	24 750
Konsernkonto	78 871	96 706
Krav på foretak i foretaksgruppa	103 817	76 813
Oppsamla inntekter	707	0
Andre kortsiktige krav	1 692	1 672
Sum krav	205 195	199 941

Endring i avsetting tap på kundekrav:

Avsetting for tap på kundekrav per 1.1	60	60
Endring i året i avsetting tap på kundekrav	500	0
Avsetting for tap på krav 31.12	560	60

Konstaterte tap på krav i året	0	42
---------------------------------------	----------	-----------

Kundekrav har følgende fordeling på forfall:

Krav som ikkje er forfalne til betaling	19 188	22 762
Krav forfalne med 1 - 30 dagar	-1 382	1 726
Krav forfalne med 31 - 60 dagar	640	392
Krav forfalne med 61 - 90 dagar	427	-131
Krav forfalne med meir enn 90 dagar	1 235	0
Kundekrav pålydande per 31.12.	20 107	24 750

Note 14 Kontantar og bankinnskot*Heile 1000 kroner*

	2019	2018
Skattetrekksmidler	5 642	5 170
Sum bundne kontantar og bankinnskot	5 642	5 170
Bankinnskot og kontantar som ikkje er bundne	152	95
Sum kontantantar og bankinnskot	5 794	5 264

Helse Vest har konsernkontoordning i SpareBank 1 Sr-Bank.

Note 15 Eigenkapital*Heile 1000 kroner*

	Føretakskapital	Annan innskoten eigenkapital	Fond for vurderingsforskjellar	Annan eigenkapital	Total eigenkapital
Eigenkapital 31.12. i fjor	100	10 943	0	184 184	195 227
Korr. av feil i tidl. års rekneskap					
Eigenkapital 01.01. i år	100	10 943	0	184 184	195 227
Eigenkapitalstransa ksjonar					
Resultat dette året				12 736	12 736
Eigenkapital 31.12. i år	100	10 943	0	196 919	207 962

Føretakskapitalen på kr 100 000 er eigd av Helse Vest RHF

Styringsmål frå eigar*Heile 1000 kroner*

Styringsmål frå eigar	2019	2018	2002-2019
Årsresultat	12 736	17 135	199 209
Overført frå strukturfond	0	0	0
Korrigert for endra levetider	0	0	0
Korrigert resultat	12 736	17 135	199 209
Pensjonskostnader det er teke omsyn til i resultatkravet*	0	0	-10 574
Resultat jf. økonomiske krav	12 736	17 135	188 635
Resultatkrav	7 000	12 000	159 526
Avvik frå resultatkrav	5 736	5 135	29 109

Note 16 Pensjonsforplikting*Heile 1000 kroner*

	2019	2018
Oppsamla pensjonsforplikting	406 296	396 635
Pensjonsmidlar	365 305	332 781
Netto pensjonsforplikting	-40 992	-63 854
Arbeidsgiveravgift på netto pensjonsforplikting	-5 780	-9 003
Ikkje resultatført tap/vinst av estimat- og planavvik inkl. aga	94 016	109 565
Netto bokførte midler inkl. arbeidsgivaravgift	47 244	36 707

Av dette balanseført netto pensjonsforplikting inkl. aga.	-1 571	-1 807
Av dette balanseført netto pensjonsmidlar inkl. aga.	48 815	38 514

Av pensjonsmidlar utgjør premiefond	795	626
-------------------------------------	-----	-----

Spesifikasjon av pensjonskostnad:

Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	14 480	13 910
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	10 225	8 916
Brutto pensjonskostnad i året	24 705	22 827
Venta forteneeste på pensjonsmidlar	-14 619	-13 117
Administrasjonskostnader	1 460	1 376
Netto pensjonskostnad inkl. administrasjonskostnad	11 546	11 085
Aga netto pensjonskostnad inkl .adm.kostnad	1 628	1 563
Resultatført aktuarielt tap(vinst)	5 590	4 651
Resultatført aga av aktuarielt tap(vinst)	808	675
Netto pensjonskostn. inkl. arbeidsgivaravgift	19 572	17 974
Andre pensjonskostnader*	10	11
Sum pensjonskostnader	19 582	17 985

Økonomiske føresetnader:

Diskonteringsrente	2,30 %	2,60 %
Venta forteneeste på pensjonsmidlar	3,80 %	4,30 %
Årleg vekst i lønn	2,25 %	2,75 %
Årleg pensjonsregulering	1,24 %	1,75 %
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	2,00 %	2,50 %

Talet på yrkesaktive personar med i ordninga	269	250
Talet på oppsette personar med i ordninga	331	304
Talet på pensjonistar med i ordninga	162	156

Spesifikasjon av premiefond

Saldo l.l.	626	471
Tilført premiefond	303	346
Uttak fra premiefond	-134	-191
Saldo per 31.12.	795	626

*Gjeld premie betalt for pensjonsforsikring som ikkje er aktuarrekna, servicepensjonar og andre kostnader som vedkjem pensjon og sikringsordning.

Føretaket har ytingsbasert tenestepensjonsordning i KLP og POA. Denne pensjonsordninga tilfredsstiller krava i lov om offentlig tenestepensjon.

Pensjonsordninga

Tariffesta tenestepensjon for dei tilsette er sikra i pensjonsordninga. Dette gjeld alders-, uføre-, etterlatne-, tidleg pensjon, AFP og vilkårsbunden tenestepensjon. Årskulla fødte før 1963 er sikra tidleg pensjon og AFP 62-67 år. Årskulla fødte frå 1963 er sikra vilkårsbunden tenestepensjon eller livsvarig AFP. Når regelverket krev det, samordnast pensjonane med utbetaling frå folketrygda. Det blir ikkje opptent pensjon for lønn over 12G (folketrygdas grunnbeløp).

Rekneskapsføring av tenestepensjonsordningar med vedtektsfesta ytingsnivå følger norsk regnskapsstandard NRS 6 Pensjonskostnader. Alle statlige helseforetak i KLP inngår i en fleirforetakspensjon. Sidan offentlig AFP er tett integrert med ordinær tenestepensjon inngår forplikting for AFP som del av berekninga av pensjonsforpliktinga.

Regelverksendringar i offentlig tenestepensjon

Partane i arbeidslivet blei einige om ny offentlig tenestepensjon (OfTP) frå 01.01.2020. Stortinget vedtok 11.06.2019 endringar av fleire lover som regulerer pensjon innan offentlig sektor. Regnskapsstiftelsen gav ut eiga rettleiing i august 2019 om rekneskapsmessig handtering av endringane i offentlig tenestepensjon. Denne rettleiaren er lagt til grunn ved berekningane for 2019.

Sidan endeleg vedtak om ny offentlig AFP ikkje føreligg, angir rettleiaren at ein også for årskulla 1963 og yngre reknar forpliktinga etter dagens AFP ordning. Det er lagt til grunn same føresetnader om uttak av AFP som tidlegare år. For arbeidstakarar i sjukepleiarordninga og fellesordninga føreset ein at 36 % av dei med aldersgrense 65 år tar ut AFP ved 62 år og at 42,5 % av dei med aldersgrense 70 år tar ut AFP ved 62 år. For sjukehuslegar antar ein at 15 % tar ut AFP ved 63 år.

Føresetnader for berekningane

Dei økonomiske føresetnadene per 31.12.2019 følger siste rettleiing gitt av Regnskapsstiftelsen i januar 2020. Basert på desse er det berekna beste estimat brutto pensjonsforplikting per 31.12.2019. Beste estimat midlar er basert avkastning i KLP/SPK for 2019.

Demografiske føresetnader:

	31.12.2019	31.12.2018
Nytta tabell over dødelegheit	K2013BE	K2013BE
Nytta tabell for uførefrekvens	KU2020	K2015BE
Uttak AFP etter erfaring	15-42,5 %	15-42,5 %

Frivillig avgang for sjukepleiarar (i %)

Alder (i år)	< 20	20-25	26-30	31-40	41-49	50-55	>55
Sjukepleiarar	25	15	10	6	4	3	0

Frivillig avgang for sjukehusleger og fellesordninga (i %)

Alder (i år)	< 24	24-29	30-39	40-49	50-55	>55
Sjukehusleger og for fellesordninga	25	15	7,5	5	3	0

Avtalefesta pensjon (AFP)

Kort om ikkje resultatførte estimatavvik

I samsvar med god regnskapsskikk, nyttar Helse Vest reglane om "korridor" og fordeling over attverande oppteningstid ved behandling av estimatavvik knytt til pensjonsordninga.

Note 17 Anna langsiktig gjeld*Heile 1000 kroner*

	2019	2018
Gjeld til foretak i same foretaksgruppe	0	2 811
Sum anna langsiktig gjeld	0	2 811
Av dette langsiktig gjeld som forfell seinare enn 5 år	0	1 054

Note 18 Anna kortsiktig gjeld*Heile 1000 kroner*

	2019	2018
Leverandørgjeld	104 752	104 222
Kortsiktig gjeld til foretak i same konsern	6 552	5 062
Skyldige feriepengar	13 845	13 501
Skyldig lønn	2 011	1 044
Anna kortsiktig gjeld	697	1 820
Sum kortsiktig gjeld	127 859	125 649

Note 19 Forsking og utvikling*Heile 1000 kroner*

	2019	2018
Øyremerka tilskot frå eigar til forskning	2 131	1 924
Andre inntekter til forskning	17	0
Sum inntekter til forskning	2 148	1 924
Sum inntekter til forskning og utvikling	2 148	1 924
Kostnader til forskning - anna	2 148	1 924
Sum kostnader til forskning	2 148	1 924
Sum kostnader til forskning og utvikling	2 148	1 924

Talet på årsverk nytta til forskning	4	3
--------------------------------------	---	---

Sjukehusapoteka Vest HF har aktivitet innan forskning gjennom forankringsavtaler for tre doktorgradsstipendiat ved Universitetet i Bergen lønna frå Sjukehusapoteka Vest HF og finansiert av Helse Vest. I tillegg er det inngått forankringsavtale for to forskarar (professor) ved Universitetet i Bergen som har tilskot av driftsmidlar. Dette er også finansiert av Helse Vest. Foretaket har og lønna ein doktorgradsstipendiat tilknytt Nasjonal kompetanseteneste for antibiotikabruk i spesialisthelsetenesten, Helse Bergen, i perioden april-juni (0,25 år) etter særskilt avtale.

Ut over dette deltar Sjukehusapoteka Vest HF i utviklingsarbeid innan ulike prosjekt i regi av Helse Vest RHF. Utviklingsarbeidet inngår i dei ordinære stillingane i Sjukehusapoteka Vest HF. FOU kostnader er direkte kostnadsført.

Note 20 Nærstående partar

Nærstående til Sjukehusapoteka Vest HF er definert i rekneskapsloven § 7-30b og rekneskapsforskrifta § 7-30b-1. Vesentlege transaksjonar med nærstående partar kjem fram i denne og andre noter i årsrekneskapen.

Ytingar til leiande tilsette er omtalt i note 6, og mellomverande med konsernselskap i Helse Vest er omtala i note 21. Sjukehusapoteka Vest HF mottar det vesentlegaste av sine inntekter frå sal av legemiddel og farmasøytiske tenester til systerforetak i Helse Vest konsernet. I tillegg leverer Sjukehusapoteka Vest HF legemiddel og andre apotekvarer til alle brukarar av sjukehusa gjennom publikumsekspedisjon i kvart sjukehus.

Det blei kjøpt varer og tenester frå dei andre føretaka i Helse Vest for 42 millionar kr i 2019.

Det blei selt varer og tenester til dei andre føretaka i Helse Vest for 823 millionar kr i 2019.

Medikament utgjer en stor del av Sjukehusapoteka Vest HF sine kostnader. Innan forskning og utvikling er det samarbeid mellom universitet, legemiddelindustrien og sjukehusa. Det regionale helseføretaket har inngått gjensidig forpliktande avtale med Legemiddelindustrien omkring etikk knytt til avtaler på dette området. Avtala er bindande for helseføretaka.

Sjukehusapoteka Vest HF har gjennomført en kartlegging og dokumentasjon av styremedlemmer og leiande tilsette sine verv som kan tenkast å komme i konflikt med relasjonar føretaka har til andre aktørar. Helseregionen er blant anna underlagt lov om offentlige kjøp. I Sjukehusapoteka Vest HF er det etablert rutinar som skal bidra til å sikre at tilsette som er ansvarlig for, eller har påverknad på inngåing av vesentlege innkjøps- og/eller salsavtalar ikkje sit med verv eller har andre relasjonar til leverandørar eller kundar mv som kan tenkast å komme i konflikt med deira rolle i føretaka.

Note 21 Krav og gjeld mellom føretaka i Helse Vest

Heile 1000 kroner

Føretak	Kortsiktige fordringar	Langsiktige fordringar	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	79 025	0	480	0
Sjukehusapoteka Vest HF				
Helse Bergen HF	37 852	0	1 805	0
Helse Stavanger HF	35 838	0	330	0
Helse Fonna HF	21 336	0	424	0
Helse Førde HF	8 633	0	105	0
Helse Vest IKT AS	5	0	3 408	0
Sum	182 688	0	6 552	0